



Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2830 - 17/16519

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.06.2017

## Stadfester motteke klage - gbnr 134/348 Hilland

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke klage på avslag på søknad om oppføring av 4-mannsbustad på eigedom gbnr. 134/348. Klage er motteke 31.05.17 frå ansvarleg søkjar.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

### **Frist for å komme med merknadar vert sett til 14.06.17.**

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, er klagen planlagt handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 28.06.17. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside (<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/moteplan>)

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje for partane.



Den aktuelle saka gjeld klage på avsalg på søknad. Det er soleis ikkje tilhøve i saka som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det *ikkje* vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Lenke til saksdokument: <http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/2016002830>

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 134/348 Hilland

**Kopi til:**

Dan Stephan Kaland	Hamangskogen 23	1338	SANDVIKA
Dan Stephan Kaland	Hamangskogen 23	1338	SANDVIKA
Kaland Trelast AS	Kjeilevegen 45	5953	FONNES
Mette Bøe	Leitet 16 A	5911	ALVERSUND
Mette Bøe og Trond Kyrre Fjelstad	Leitet 16 A	5911	ALVERSUND
Trond-Kyrre Fjeldstad	Leitet 16 A	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
-------------------	---------------	------	--------